

nasjonene nedde på kontinentet. Gjennom Polen f.eks. raste krigen to ganger, den siste med mer ødeleggelser enn den første.

Og så gikk det nesten ikke år en gang, innen den kalde krigen mellom øst og vest oppsto. Som etter noen år endte opp i en ny redsel: faren for atomkrig i verden, da Russland også hadde funnet opp sin atombombe. Med denne situasjonen, åpenbar fiendskap mellom øst og vest, levde folket i Europa. Til østblokken raste sammen og ble «ufarlig» i 1989–44 år etter freden.

Nå befinner vi oss i 2012–det er 67 år siden siste verdenskrig ble avsluttet. I denne tiden har det vært epi-

Men, har vi nordmenn glemt alt sammen, – har de nye, unge generasjonene her hjemme glemt hva deres forfedre jublet for i 1945, og de mange årene etter?

Nobels fredspris til EU? Hele Europa forstår hvorfor, men 70 % av oss nordmenn forstår ikke; de som er mot norsk EU-medlemskap. Det virker som disse er forstokket av okkupasjonen 1940–45. Når de tyske soldatene ble lempet ut igjen den gang, da vil de heller ikke at andre nasjoner skal ha noen som helst bestemmelsesmyndighet i vårt gamle fedreland på nytt. Vi vil være oss sjøl–vi er da i slekt med Gudbrand i Lia.

Uten starten, med den tyske og franske tilhæring

Men i EU, der forhandler 27 nasjoner om, å holde seg til vettet–og fortsette å arbeide for å holde krigen borte her i Europa. Til glede også for oss nordmenn.

Er det bare Jagland, som har forstått dette? Bør han tildeles Fredsprisen?

FINN LANG-REE

# Kva er egentleg det førebelse subjektet?

Førre gong eg skreiv om setningsgrammatikk, skreiv eg om formelle subjekt i samband med såkalla «vêrverb», t.d. «det regnar» eller «det snør», der «det» spelar rolla som subjekt fordi verba i seg sjølve vanlegvis ikkje står saman med substantiv som subjekt. Kven eller kva skulle det i så fall vere som regna eller snødde? I gammalnorsk var det då rett og slett ein tom plass i setninga. Det var nok å seie «regnar» eller «snør», mens setningsgrammatikken i mellomnorsk byrja å «kreivle» eit subjekt, og ordet «det» (eller eventuelt «der» eller «han») starta å fungere som eit formelt subjekt.

Dei fleste vil kanskje hugse frå skoletida at det også var noko som heitte «førebels» (bokmål: foreløpig) og «eigentleg» subjekt. Det såkalla førebelse subjektet er framleis det formelle subjektet, dvs. ordet «det». Men til forskjell frå setningar med vêrverb som «regne» og «snø» vil «det» som førebels subjekt stå i setningar der det også finst eit substantiv som ein intuitivt vil oppfatte som den «eigentlege» subjektscandidaten. Dette

fenomenet har ein i setningstypar som vi gjerne kallar for «presenteringskonstruksjonar», t.d. «Det var ein gong ei prinsesse».

Som oftest er subjektet det vi snakkar om («tema»), og det vil derfor som oftest stå fremst i setninga. Men når ein t.d. skal starte ei ny fortelling, vil ein ofte måtte introdusere eller presentere dei ulike personane eller karakterane ein har tenkt å fortelje om. For å finne fram til subjektet vil mange spørje kven eller kva handlar setninga om. Denne setninga handlar om ei prinsesse, men prinsessa er faktisk ikkje subjektet i denne setninga. Setninga har eit formelt subjekt «det», og det gjer «prinsessa» til objekt og ikkje subjekt.

I setninga «Det står ein elg i hagen» har ein akkurat det same fenomenet. Det er sjølvsagt elgen som står, og setninga handlar om elgen, men det er «det» som er subjektet. I eldre grammatiske framstillingar vil ein gjerne kunne lese at «det» er det førebelse subjektet, mens substantivet er det «eigentlege» subjektet. Dette er ei samanblanding av syntaktiske,

altså grammatiske kriterium, og semantiske kriterium, dvs. det som har med tyding å gjere. Som eg nemnde førre gong eg skreiv om subjektet, bryr ikkje syntaksen seg om kva dei enkelte ord tyder. Norske heilsetningar skal ha eit subjekt; det er eit syntaktisk krav. Ei setning kan derimot berre ha eitt subjekt og ikkje to. Dette inneber at ein faktisk ikkje kan ha eit førebels subjekt og eit egentleg subjekt. Når det står eit passande ord på subjektsplassen, er subjektstravet oppfytt og alle andre ord eller ledd må ha ein annan funksjon enn subjekt.

Det som er interessant med konstruksjonar som «Det står ein elg i hagen», er at det formelle subjektet «det» faktisk forsvinn når ein brukar «elg» som subjekt. Dette kan ein gjere ved å flytte «elg» opp i setningsstrukturen, t.d. «Ein elg står i hagen». Her er «ein elg» subjekt, og dermed har ein ikkje behov for noko formelt subjekt. No vil du kanskje innvende: «Men ein kan jo også seie «Ein elg står det i hagen», og det stemmer. Men då har ein berre flytta fram objektet «ein elg», mens

subjektet «det» er det same som før. Gjer ein derimot «ein elg» om til bestemt form, «elgen», er det ikkje lenger mogleg å ha eit formelt subjekt i det heile, då må ein faktisk seie «Elgen står i hagen». Ein kan verken seie «Det står elgen i hagen» eller «Elgen står det i hagen». Dette kan verke som eit veldig merkeleg fenomen, men det er ikkje så merkeleg når ein tenkjer på kva vi kallar konstruksjonen «Det står ein elg i hagen» for, nemleg «presenteringskonstruksjon».

Presenteringskonstruksjonar har som funksjon å introdusere eller presentere nye (ukjende) referentar i teksten, t.d. ein eller annan elg. Slike nye eller ukjende referentar vil måtte stå i ubestemt form. Ein referent i bestemt form, t.d. «elgen» må nødvendigvis vere kjend på noko vis, og då ville det jo ikkje vere noko poeng i å presentere han som om han var ukjend.

No er du kanskje førebels forvirra, men eigentleg er dette ganske logisk.

JENS HAUGAN